



NVE

Kreppingdalen Kraftverk AS
c/o Blåfall Utvikling AS
Parkveien 33B
0258 OSLO

Vår dato: 09.03.2026
Vår ref.: 201300215-38 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

NVE gir løyve til planendring for Kreppingdalen kraftverk i Ulla i Hjelmeland kommune, Rogaland fylke

Samandrag

Kva søkjer Kreppingdalen Kraftverk AS om?

NVE har fått ein søknad frå Locus Hydro Prosjekt AS datert 3.7.2025, om planendring for Kreppingdalen kraftverk i Hjelmeland kommune. Konesjonen har i ettertid vorte overdrege av Kreppingdalen Kraftverk AS. Etter ei ny vurdering av prosjektet og oppdaterte kostnadsestimat, vert det søkt om å flytte kraftstasjonen frå dagen og inn i fjell. Vassvegen vert endra frå borehol i heile lengda til ei kombinasjon av tilkomsttunnel med utløpskanal inn i stasjonshall, med vidare boring opp til inntaket. Endringa inneber større mengder overskotsmassar som må handterast, men ifølgje søkjar vil det redusere risikoen knytt til lange borehol. Tiltaket vil redusere utbyggingskostnadane med om lag 12 millionar kroner og auke årleg produksjon med 0,4 GWh. Søknaden skal behandlast etter reglane i vassressurslova kapittel 3.

Kva meiner høyringspartane om tiltaket?

Hjelmeland kommune og Rogaland fylkeskommune er positive til at kraftstasjonen vert flytta inn i fjell. Samtidig understrekar dei at det trengst ei forsvarleg handtering av dei auka mengdene med overskotsmasse, etter ein detaljert plan og etter relevant lovverk. Alle høyringspartar skriv at det må takast omsyn til truga artar i området under anleggsfasen.

Kva gir NVE løyve til?

NVE gir Kreppingdalen Kraftverk AS løyve til planendring for Kreppingdalen kraftverk i tråd med omsøkte planar. Tiltaket skal gjerast i tråd med vilkåra i opphavleg konsesjon.

Kvifor gir NVE løyve?

Etter NVEs syn er den største konsekvensen av planendringa knytt til vesentleg auka mengde massar. NVE føreset at arbeidet med uttak og bearbeiding av massar blir forsvarleg utført. Vidare vurderer NVE det som lite sannsynleg at planendringa vil føre til fleire konsekvensar for ein truga art som er unnateke offentlegheita enn det som er diskutert i konsesjonsbehandlinga. Ved å setje

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

vilkår om tidsavgrensa anleggsaktivitet, meiner NVE at dei negative konsekvensane for truga artar vil bli tilstrekkeleg redusert, og vil ikkje få nokon ytterlegare negative konsekvensar samanlikna med konsesjonsgjeve alternativ. NVE merkar seg også at planendringa ifølgje søkjer vil vere meir lønsam enn det konsesjonsgjevne tiltaket.

NVE legg vekt på at ingen av høyringspartane er imot planendringa. Planendringa kan gi betre landskapstilpassing, redusert skredfare og noko auka produksjon. Den auka mengda overskotsmassar som følgje av endra vassveg med tilkomsttunnel vil likevel krevje ein tydeleg plan for handtering av sprengstein, og korleis mellombelse deponi blir tilbakeførte utan varig skade på landskap.

Bakgrunn

Norsk Vannkraft AS (seinare overteke av Locus Hydro Prosjekt AS, og deretter Kreppingdalen Kraftverk AS) fekk i medhald av vassressurslova § 8 konsesjon for bygging av Kreppingdalen Kraftverk den 20.12.2016. Det er tidlegare søkt om forlengd byggjefrist for prosjektet, og gjeldande byggjefrist er 20.12.2026. Det er Kreppingdalen Kraftverk AS som no søkjer om planendringa.

Søknad

NVE fekk ein søknad frå Bystøl AS på vegne av Locus Hydro Prosjekt AS (nå Kreppingdalen Kraftverk AS) den 3.7.2025. Etter ein gjennomgang av prosjektet, oppdaterte kostnadsestimat og alternative utføringsmetodar, vert det søkt om å flytte kraftstasjonen frå godkjend plassering i dagen til ei plassering inne i fjell. Vassvegen blir søkt endra frå borehol i heile lengda til ei løysing med om lag 1000 meter tilkomsttunnel med eit tverrsnitt på ca. 20 m², kombinert med ein utløpskanal inn til stasjonshallen. Vidare blir det planlagt eit borehol (Ø610 mm) med ei lengd på ca. 808 meter opp til inntaket. Den totale prosjekterte lengda for vassvegen blir dermed 1808 meter.

Denne traseen samsvarer med vassvegen i gjeldande konsesjon, men i konsesjonen var det planlagt borehol i start og ende av vassvegen, og dessutan ei kort strekning med grøft imellom. Det omsøkte alternativet vil medføre behov for handtering av større mengder overskotsmassar frå konvensjonell tunneldriving og mekanisk boring. Det er derfor nødvendig å kunne deponere eller avhende massane i større grad.

Ifølgje søkjar vil desse endringane redusere totalkostnaden for prosjektet med om lag 12 millionar kroner, samtidig som estimert produksjon aukar med 0,4 GWh årleg på grunn av redusert falltap.

NVE meiner endringa er utanfor det som kan endrast ved ein detaljplan, og planane for flytting av kraftstasjon og endring til tilkomsttunnel blir derfor behandla som ei planendring. Godkjenning av detaljplanen blir gjort i eige vedtak i etterkant av NVEs behandling av søkt om planendring.



NVE


Norges vassdrags-
og energidirektorat

Hovuddata

		Konsesjonsgjeve	Planendring
Produksjon, årlig middel	GWh	8,1	8,5
Utbyggingskostnad [år]	mill.kr.	83	71
Tunnel, tverrsnitt	m ²	Borehol	20
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	Ca. 1600	Ca. 1806/1000
Masseoverskot	m ³	3300	27 000

Teknisk plan

Det vert søkt om å flytte kraftstasjonen inn i fjell, med etablering av ein ny tilkomsttunnel som startar ved området der kraftstasjonen er plassert i tidlegare godkjend detaljplan (saksnr. 202317442-11). Karta under er henta frå planendringssøknaden og viser tiltaksområdet for Kreppingdalen kraftverk (Figur 1). Tunnelen, som er prosjektert til om lag 1000 meter med eit tverrsnitt på om lag 20 m², skal byggjast med konvensjonell metode (boring og sprenging), og kombinerast med ein utløpskanal i røyr eller open kanal for å føre restvatn frå kraftproduksjonen tilbake til elva.




Figur 1 – Arealbruksplan for Kreppingdalen kraftverk

Frå stasjonshallen skal det borast ein mikrotunnel eller sjakt med diameter på 610 mm og lengd på ca. 808 meter opp til inntaket (Figur 2). Borelengda er redusert samanlikna med tidlegare plan, noko som gjer prosjektet meir tilgjengeleg for fleire tilbydarar.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat



Figur 2 - Situasjonsplan for Kreppingdalen kraftverk

Den nye traseen samsvarer i stor grad med den konsesjonsgjevne løysinga, men med endringar i metode, der det tidlegare var planlagt borehol i start og ende med grøft i midtpartiet. Endringane i vassvegen medfører eit vesentleg auka behov for handtering av overskotsmassar. I den godkjende detaljplanen var det berekna eit overskot på ca. 3 300 m³ faste massar, medan det no er berekna eit overskot på ca. 27 000 m³, hovudsakleg sprengstein frå tunneldriving. Samtidig blir mengda finstoff og boreslam omtrent halvert til ca. 230 m³ som følgje av kortare borelengd, ifølgje søkjer.

Ifølgje planendringa skal massane i størst mogleg grad nyttast til formål internt i prosjektet, slik som landbrukstiltak, oppgradering av traktorveggar og opparbeiding av kraftstasjonstomt. I tillegg er det planlagt å bruke sprengstein til tilbakefylling og som underlag for tilkomsttunnel og stasjonshall. Resterande overskotsmassar blir leverte til eit lokalt grustak og betongblandeverk i Jøsenfjorden, ca. 2,6 km frå tiltaket, etter avtale med mottakar.

Høyring

Etter NVEs vurdering er ikkje saka så omfattande at det er behov for kunngjering og brei offentleg høyring. Søknaden har vore sendt på høyring til alle partar som gav uttale til den opphavlege konsesjonssøknaden.

NVE har fått inn tre høyringsfråsegn. Hjelmeland kommune og Rogaland fylkeskommune er positive til at kraftstasjonen blir flytta inn i fjell, med tanke på landskap og støyforhold. Rogaland fylkeskommune påpeikar likevel at det må utarbeidast ein tydeleg plan for handtering av den auka mengda overskotsmassar, og oppfølging av vassavrenning i anleggsperioden. Hjelmeland kommune skriv at bruk av overskotsmassar må godkjennast av kommunen etter relevant regelverk.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Statsforvaltaren i Rogaland viser til tidlegare utsegn i samband med utarbeiding av detaljplan etter gitt konsesjon, der dei tek for seg avklaringar rundt konsesjonsvilkår. For godkjenning av detaljplanen vart det mellom anna sett vilkår for ein art halde unna offentleg innsyn som finst i influensområdet til Kreppingdalen kraftverk. Vilkåret seier at «støyande anleggsarbeid kan ikkje gjennomførast i hekkeperioden 01.02-31.07». Statsforvaltaren har ingen merknader utover dette.

Rogaland fylkeskommune påpeikar at planendringa inkluderer ein sidebekk som er planlagd lagd i røyr under parkeringsplass til kraftstasjonen. Denne er ikkje nemnd i konsesjon av 20.12.2016, og fylkeskommunen ønskjer ei presisering på behandling av denne. Vidare skriv dei at tiltakshavar må forhalde seg til bruksklassane for transport på fylkesveg, og søkje om mellombels utvida bruk av avkøyring til anlegget.

Søkjers har vore presentert for høyringsfråsegnene for kommentar.

Under NVEs vurderingar har vi referert dei delane av utsegnene som er relevante for vår vurdering av om tiltaket skal få konsesjon. Høyringsfråsegnene og søkjars kommentarar er tilgjengelege via offentleg postjournal og/eller nettsida i saka: www.nve.no/9732/v. Tabellen under viser kven som har sendt inn uttale, og dokumentnummeret i saka (201300215).

Høyringspart	Dokumentnummer
Hjelmeland kommune	41
Rogaland fylkeskommune	40
Statsforvalteren i Rogaland	39

NVEs vurdering

I det følgjande vil NVE vurdere ulike forhold ved planendringa. Her vil vi hovudsakleg fokusere på dei temaa vi meiner er viktige for avgjerda vår. Vi viser elles til vurderingane i bakgrunn for vedtak knytte til den opphavlege konsesjonssøknaden, datert 20.12.2016 (NVE-ref. 201300215-26) og vedtaket om forlengd byggefrist (NVE-ref. 201300215-32) av 2.9.2022.

Landskap

I konsesjonen gitt 20.12.2016 vart det søkt om å ha kraftstasjonen «i dagen» og med tilkomstveg til stasjonen. No ønskjer søkjar å flytte kraftstasjonen inn i fjell og forlengje vegen med 50 meter for å nå tilkomsttunnelen.

Høyringspartane er positive til at kraftstasjonen blir flytta inn i fjellet. Dei meiner ei slik løysing vil redusere synlegheita i landskapet og minimere støy frå anlegget. Rogaland fylkeskommune skriv også at det vil redusere driftspåverknad og behov for framtidig vedlikehald. Kreppingdalen er skredutsett og kraftstasjonen i dagen var planlagd i eit område som er i aktsemdsone for steinsprang, jordras og snøskred. Ifølgje søknaden vil den nye løysinga også kunne gi redusert skredfare.

NVE har tidlegare vurdert området som lite viktig for friluftsliv, og landskapsverknader vart ikkje tillagt stor vekt i konsesjonsbehandlninga. NVE meiner at omsøkt løysing for kraftstasjonen samla sett vil ha positive konsekvensar for landskapet som følgje av betre landskapstilpassing, redusert støy og auka tryggleik.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Fylkeskommunen påpeikar at planendringa inkluderer å leggje ein sidebekk i røyr under planlagd parkeringsplass ved tunnelportal. Sidebekken er ikkje nemnd i konsesjonen frå 20.12.2016 og blir derfor ikkje omfatta av denne. NVE presiserer at denne blir behandla som ein del av planendringa etter vassressurslova.

Søkjær opplyser i søknaden at nemnte sidebekk renn frå nordsida, og skal leggjast i røyr under planlagd parkeringsplass. Det same røyret skal brukast til utløp frå kraftstasjonen. Bekken er liten og har truleg låg vassføring. I konsesjonsbehandlinga vart det vurdert som lite sannsynleg at Kreppingdalsåne har eigen fiskebestand og det akvatiske miljøet vart tillagt lita vekt. NVE vurderer dermed tiltaket til å ha lita betydning, og at det ikkje vil gi nokon ytterlegare negative konsekvensar.

Masseoverskot

Planendringa inneber sprengingsarbeid for å etablere kraftstasjonen i fjell og det vil bli uttak av store steinmassar. Masseuttaket aukar frå konsesjonsgjevne 3300 m³ til 24 000 m³ faste massar. Ifølgje tiltakshavar vil massane i hovudsak bestå av sprengstein frå tunnel og fjellhall, og dessutan ein liten del finstoff/boreslam frå borehol.

Søkjær meiner planendringa vil ha positive konsekvensar ved at overskotsmassar kan nyttast til lokale samfunnsnyttige tiltak. Det vil samtidig bli auka behov for massetransport og avhending av massane. I planendringssøknaden har søkjær lagt fram ei oversikt for planlagd handtering av overskotsmassar frå tunneldrift og boring, vist i Tabell 1 under.

Tabell 1: Oversikt over estimerte mengder og planlagt avhending av overskotsmassar frå tunneldrift/boring

Uttak av massar i prosjekt:

Område	Type massar	Fast volum [pfm] m ³
Tunnel	Sprengstein	20 000,00
Borhol	Finstoff/boreslam	230,00
Stasjonshall	Sprengstein	6 800,00
Masseoverskot		27 000,00

Bruk av massar i prosjektet:

Område	Type massar	Fast volum [pfm] m ³
Deponi godkjent i detaljplan	Sprengstein	3 300,00
Tilbakefylling i tilkomsttunell	Sprengstein	2 700,00
Tilbakefylling i stasjonshall	Sprengstein	1 000,00
Masser til lokalt grustak/blandeverk	Sprengstein	20 000,00
Prosjekttert bruk av massar i prosjektet		27 000,00
Massebalanse		0,0

Rogaland fylkeskommune og Hjelmeland kommune påpeikar i høyringsfråsegnene sine kor viktig det er at masseoverskotet blir handtert på ein forsvarleg måte. Hjelmeland kommune uttalar at bruk av massar som skissert i tabell kan akseptast. Bruk av massar i andre byggje- eller terrengtiltak må godkjennast av kommunen etter relevant regelverk.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Rogaland fylkeskommune skriv i uttalen sin at ein stor auke av massar, som i hovudsak består av sprengstein, kan gje avrenning med høg pH, finstoff og partikkelspreiing dersom dei ikkje blir handterte forsvarleg. Dei understrekar behovet for ein tydeleg plan for handtering av sprengstein og oppfølging av vassavrenning i anleggsperioden.

Vidare skriv fylkeskommunen at det må gjerast vurderingar med omsyn til veg og samferdsel som følge av auka massetransport, og eventuelle utbetringar av fylkesveg må avklarast med fylkeskommunen. Statsforvaltaren uttaler at bearbeiding av steinmassar kan vere omfatta av kapittel 30 i forureiningsforskrifta, og dermed er meldepliktig. Tiltakshavar har ansvar for at alle nødvendige planar og løyve er på plass før det blir sett i gang med anleggsarbeid.

NVE er samd med høyringsinstansane i at det er viktig at overskotsmassane blir handterte på ein forsvarleg måte. Oversikta i planendringssøknaden viser at 2700 m³ er planlagt å bli brukte til tilbakefylling i anlegget og at 3300 m³ blir lagd i deponi ved kraftstasjonsområdet. Vidare er 20 000 m³ planlagt å bli transporterte til eit lokalt grustak. Endeleg plassering og utforming for deponering og bruk av massar skjer gjennom utarbeiding og godkjenning av detaljplanar. Dette vil inngå som ein del av detaljplanlegginga av anlegget.

Villrein

Øvre del av Kreppingdalen fell inn under Setesdal-Ryfylke leveområde for villrein. I opphavleg konsesjonssøknad vart verdien av villreinområdet vurdert å vere middels til stor, då det er eit leveområde og ikkje eit kalvingsområde. Rogaland fylkeskommune skriv i sitt høyringsfråsegn at det bør vurderast om anleggsarbeid og transport kan påverke villreinens bruk av området og at verneområdeansvarleg bør involverast.

I konsesjonsbehandlinga vart det vurdert at hjortevilt vil bli forstyrra i anleggsfasen på grunn av auka støy og trafikk. Av andre hjorteviltartar er det ein del hjort i influensområdet. I driftsfasen vil dei tekniske inngrepa ikkje ha verknad på hjortevilt. Planendringa kan gje fleire forstyringar i anleggsfasen som følge av auka massetransport. NVE oppmodar derfor til god kommunikasjon med verneområdeansvarleg, slik at anleggsarbeidet kan tilpassast for å redusere negativ påverking på villrein.

Lønnsemd og produksjon

Søklar opplyser at den omsøkte løysinga kan redusere kostnadene med om lag 12 mill. kr. samanlikna med det alternativet som har fått konsesjon. Søklar skriv at løysinga vil gi større føreseielighet fordi ho byggjer på kjende metodar, og at prosjektet dermed blir meir konkurransedyktig. Søklar anslår òg at den årlege produksjonen kan auke frå 8,1 til 8,5 GWh på grunn av redusert falltap.

Naturmangfald

Naturtypar og artar

Det er registrert to raudlista artar i influensområdet til Kreppingdalen kraftverk. Den eine arten er ask (sterkt truga - EN) og den andre er halde unna offentleg innsyn (sterkt truga - EN). Alle høyringspartar understrekar at det er viktig å ta omsyn til truga artar i området. Statsforvaltaren i Rogaland viser til vilkår sett ved godkjend detaljplan. Støy og trafikk vil vere forstyrrende for arten



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

halde unna offentlig innsyn, særleg i hekkesesongen, då dette kan avbryte påbyrja hekking. Det vil derfor vere nødvendig å avgrense anleggsperioden.

Hjelmeland kommune skriv i høyringsfråsegna si at dei forventar at det blir teke nødvendige omsyn til denne arten ved bygging av kraftverket. Etter Rogaland fylkeskommunes syn bør det tilråddast tiltak for å avgrense støy og unngå forstyrningar i hekkeperioden dersom planendringa blir godkjend.

NVE sluttar seg til vurderinga til høyringspartane av dette temaet. I den opphavlege konsesjonssøknaden vart verdien av raudlisteartar vurdert til stor, og middels til stor negativ konsekvens.

Mildnande tiltak for raudlista artar må førast vidare i detaljplanen, mellom anna ved å avgrense anleggsperioden for å unngå forstyrningar i hekkeperioden. I driftsfasen blir tiltaket vurdert til å ikkje ha verknader for raudlisteartar. NVE vurderer dermed konsekvensen av tiltaket på naturmangfaldet til å bli uendra av planendringane, gitt mildnande tiltak som sett i konsesjon frå 20.12.2016. Vi held fast ved vår vurdering om at negative verknader for naturmangfald kan mildnast gjennom god detaljplanlegging.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Alle offentlege instansar som forvaltar natur, eller som tek avgjerder som har verknader for naturen, pliktar etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere planlagde tiltak opp mot dei relevante paragrafane i naturmangfaldlova. I NVEs vurdering av søknaden om planendring for Kreppingdalen kraftverk legg vi til grunn prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 og dessutan forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effektar av eventuelle påverkingar er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsfråsegner, og dessutan NVEs egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 17.2.2026. Etter NVEs vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne gjere vedtak og for å vurdere omfanget av tiltaket og verknader på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget i saka er godt nok utgreidd, jf. naturmangfaldlova § 8. Derfor kjem ikkje «føre-var-prinsippet» i § 9 til bruk.

I influensområdet til Kreppingdalen kraftverk finst det ask (EN), art unnateke offentlegheita (EN), bekkeløfter (B- og C-verdi), rasmark (C-verdi), viktig bekkedrag og elveløp (NT). Ei eventuell utbygging av Kreppingdalen kraftverk med omsøkte planendring vil etter NVEs meining ikkje vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gitt i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5 gitt mildnande tiltak.

NVE har også sett påverknaden frå Kreppingdalen kraftverk med omsøkte planendring i samanheng med andre påverknader på naturtypene, artane og økosystemet. Det er to store vasskraftverk i Hjelmeland kommune, fem småkraftverk og elleve konsesjonsfrie mini- eller mikrokraftverk. Kraftstasjonen til Kreppingsdalen kraftverk vil liggje ved fylkesveg 632 – Jøsenfjordveien. Denne vegen går langs Ulla som er fraført vatn gjennom Ulla-Førre-utbyggingane. Kreppingdalen er elles urørt av tekniske inngrep og går opp på eit fjellplatå som har urørt preg. NVE reknar den omsøkte planendringa som ei mindre tilleggsbelastning på området, då det allereie er gitt konsesjon for bygging av Kreppingdalen kraftverk. Den samla belastninga på



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

økosystemet og naturmangfaldet har dermed vorte vurdert, jf. naturmangfaldlova § 10, og vert ikkje rekna som så stor at ho blir avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Mildnande tiltak og utforminga av tiltaket vil spesifiserast nærare i merknadene våre til vilkår dersom det blir gitt løyve til planendringa. Tiltakshavar vil då bere kostnadene av tiltaka, jf. naturmangfaldlova §§ 11-12.

Vassforskrifta

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Den omsøkte planendringa vil få følgjer for vassførekomsten 035-244-r Ulla Hjorteland – Lundaneset bekkefelt. Lundaneset bekkefelt omfattar fleire småelvar og bekker med utløp i nedre del av Ulla, og inkluderer både Kreppingdalsåne og sidebekken som skal leggjast i røyr. Vassførekomsten er naturleg, og har i dag god økologisk tilstand. Dei viktigaste påverkingane i vassførekomsten er i liten grad sur nedbør. Miljømålet god økologisk tilstand (GØT) er oppnådd i dag.

Det planlagde inngrepet er ikkje venta å forringe dagens tilstand eller hindre at miljømåla blir nådd i den ramma vassførekomsten, gitt mildnande vilkår om minstevassføring i Kreppingdalsåne. Vassforskrifta § 12 kjem derfor ikkje til bruk i denne saka.

NVEs oppsummering

Etter NVEs syn er den største konsekvensen av planendringa knytt til monaleg auka mengd massar. NVE føreset at arbeidet med uttak og bearbeiding av massar blir forsvarleg utført. Vidare vurderer NVE det som lite sannsynleg at planendringa vil føre til fleire konsekvensar for den truga arten unnateke offentlegheita enn det som er diskutert i konsesjonsbehandlinga. Ved å setje vilkår om tidsavgrensa anleggsaktivitet, meiner NVE at dei negative konsekvensane for truga artar vil bli tilstrekkeleg redusert, og vil ikkje få nokon ytterlegare negative konsekvensar samanlikna med konsesjonsgjeve alternativ. NVE merkar seg også at planendringa vil vere meir lønnsam enn det konsesjonsgjevne tiltaket.

NVE legg vekt på at ingen av høyringspartane er imot planendringa. Planendringa kan gi betre landskapstilpassing, redusert skredfare og noko auka produksjon. Den auka mengda overskotsmassar som følgje av endra vassveg med tilkomsttunnel vil likevel krevje tydeleg plan for handtering av sprengstein, og korleis mellombelse deponi blir tilbakeførte utan varig skade på landskap.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapsvurdering av planendringssøknaden og dei føreliggjande utsegnene meiner NVE at fordelane ved planendringa er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gir Kreppingdalen Kraftverk AS løyve etter vassressurslova § 8 til planendring for Kreppingdalen kraftverk. Løyvet blir gitt på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Moglegheit til å klage

Vedtaket kan klagast på, sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Oscar Østvold
fagleiar

Heidi Botheim
rådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar

Mottakarliste:

Kreppingdalen Kraftverk AS

Kopimottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
HJELMELAND KOMMUNE
Locus Energy AS - Kristoffer Kjelstadli



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkar vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>
Kven kan klage på vedtaket?	<p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.